


# Utgreiing - Akvakultur i sjø

## Kommuneplan

### Kvam herad

## Notat - Kvamsøy

Dato 16.08.2019




## 1 Bakgrunn

Akvakulturarealet ved Kvamsøy har hatt fleire utformingar og plasseringar, og undervegs i planprosessen er det søkt å finne lokalisering som er minst mogleg grad i konflikt med andre interesser. Alle plasseringane som har vore på offentleg ettersyn er konsekvensutgreia. Fiskeridirektoratet, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland hadde motsegn til arealet slik det var plassert ved 1. gangshøyring. Etter dette har det vore dialog med m.a. offentleg mynde, lokale fiskarar, samt Lingalaks AS. Arealet vart redusert i omfang og dreid slik at det i mindre grad er i konflikt med fiskeriinteressene i området. Også denne lokaliseringa som har vore på 2. gangshøyring hadde Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen i Vestland motsegn til (Hordland fylkeskommunen sin administrasjon rådde til å oppretthalde motsegna til arealet, medan tilrådinga fall 7 mot 6 røyster i KIRU).


Etter 2.gangshøyring har det på nytt vore direkte dialog med partane for å søkje ny plassering av arealet. Arealet er flytta austover utanfor kartfesta fiskeriinteressar, regionalt friluftsområde, samt arealsone landskap i regional kystsoneplan. Arealet er plassert tettare på Kvamsøy enn tidlegare plassering, men mindre eksponert i fjordsystemet. Justert areal etter 2.gangshøyring er pt. ikkje konsekvensutgreia, og difor er dette notatet utarbeida som eit tillegg til rapporten «Utgreiing- Akvakultur i sjø. Kommuneplan. Kvam herad» datert 28.02.2019.

Figur til venstre: Arealet som var vist til 1.gangshøyring i 2018.

Figur til høgre: Arealet som var vist til 2. gangshøyring i 2019. Til 2. gangshandsaming var område for fortøying vist med ei sikringszone her vist med svart stipla område.



Nytt forslag areal tek utgangspunkt i lokalitetskart frå mai 2019.




## 1.1 Metode

Metodisk er utgreiinga gjennomført på same måte som skildra i rapporten «Utgreiing - Akvakultur i sjø. Kommuneplan. Kvam herad» datert 28.02.2019.

Rapporten frå februar 2019 var basert på konklusjonar om tilråding av areal frå kommunen si administrative og politisk innstilling i 2018. Det nye arealet på Kvamsøy er ikkje administrativt eller politisk handsama før konsekvensutgreiinga er gjennomført. Ein har difor valt å ikkje konkludere med til- eller fråråding av arealet i dette notatet, men summert opp momenta frå utgreiinga.

## 2 AK27, Øystese, Kvamsøy

<b>Områdenamn:</b> <b>AK 27</b>	<b>Øystese, Kvamsøy</b>
Journalpost innspel:	<a href="https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2018006498&amp;dokid=585542&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;">https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2018006498&amp;dokid=585542&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;</a>
Noverande planstatus:	FFNF-fiske, ferdsel, natur og friluftsliv 
Områdeskildring:	Området ligg sør/søraust for Kvamsøy i Ytre Samlafjorden, og det er i dag ingen oppdrettsaktivitet i nærområdet. Arealet er forslag til eit nytt akvakulturområde, som skal erstatte eksisterande akvakulturanlegg på Rossholmen/Steinstø. Dette arealet er i planframlegget fjerna og avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag. Det nye arealet i planforslaget er om lag 80 daa stort, og gir rom for 4x2 merdar.
Innspel til ny arealbruk:	Akvakultur


KU-tema	Skildring	Konsekvens
Naturmangfald	Aksnes naturreservat vest for området. Naturreservat for sjøfugl. Det er fleire registreringar av trua artar på fastlandet. Det er også registrert artar i sjø: Brisling (nær trua), sild (livskraftig), pigghå (sterkt trua), håkjerring (datamangel), kveite (livskraftig), langarma slangestjerne (livskraftig), samt andre blautdyr, leddyr og krepsdyr som raudåte og krill.	Det er om lag 4km til naturreservatet og det er vurdert at arealet ikkje vil ha verknad for sjøfuglreservatet. Ingen verknad for naturtypar eller artsførekomstar på land. Anlegget vil ha mindre verknad for registrerte artar i sjø. Lokaliteten ligg i utvandningsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøaure.

	Nærmaste anadrome vassdrag er Øysteseelva (ca. 5km), Steinsdalselva (ca. 7,5km), samt Jodalselva og Tørvikelva (ca. 9km). Andre anadrome vassdrag i fjordsystemet ligg over 10 km frå arealet.	Området er eksponert og har stort influensområde. Nytt areal for akvakultur i dette området er vurdert å ha negativ verknad for villfisk.	
Friluftsliv og strandsone	Store deler av Kvamsøy er statleg sikra friluftsområde, og registrert som svært viktig friluftslivområde. Kvamsøy og sjøområda frå Aksneset-Norheimsund-Øystese-innløpet til Fykkesund er registrert som regionalt viktig friluftsområde. Alle friluftregistreringane har høg verdi (A). Strandsona i nærområdet vert nytta til friluftsliv og rekreasjon, samt det er busetnad langs heile fjorden inn mot Norheimsund og Øystese. Kvamsøy vert nytta som leirplass.	Arealet ligg tett på område med lokale og regionale friluftskvalitetar. Akvakulturføremålet ligg om lag 180m frå land, og det er opna for fortøyingar inn til land. Plasseringa gir rom for småbåttrafikk, og vil i mindre grad vera til hinder for båtutfart i eit elles oversiktleg og stort fjordbasseng. Sikringssone for fortøyingar kan, dersom det ikkje vert lagt føringar for djupne for fortøyingane, vera til hinder for fiske og ferdsel med større båtar mellom land på Kvamsøy og anlegget. Strandsona nærmast akvakulturføremålet er mindre brukt enn andre stadar på Kvamsøy pga. ulendt topografi. Arealet kan ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving grunna stor eksponering i fjordbassenget. Planendringa vil i sum ha negative verknadar.	-/--
Landskap	Landskapet er klassifisert som breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar, med stor verdi. Området er skildra som storskala fjordbasseng med stor variasjon i profil og utforming av terrenget omkring. Kulturprega øyar og holmar. Stadvis visuell kontakt med Folgefonna. I vedtatt kystsoneplan er området nord og vest for akvakulturføremålet vist som grøntstruktur-landskapsområde med verdier knytt til landskap, natur, friluftsliv og kulturminne.	Arealet er eit nytt område i kommuneplanen som ligg relativt eksponert i fjorden. Eit anlegg her vil kunne sjåast frå fleire område, men arealet vil verta dels skjerma av Kvamsøy og ved at det ligg relativt tett på land vert det i mindre grad synleg i fjorden. Landskapet arealet ligg i er storskala, og nytt anlegg i fjorden vil ikkje i vesentleg grad endre landskapsbildet frå fjernare stader. Busetnad på fastlandet med utsikt til arealet ligg over 4 km unna. Arealet kan ha negativ verknad for landskapsopplevinga pga. tilføring av eit nytt element i fjordbassenget.	-

3D illustrasjon av eksisterande topografi sett frå forslag til akvakulturområde i retning mot Kvamsøy.




Kulturminne	<p>Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innfor dette arealet, men fleire i nærområdet på Kvamsøy og på fastlandet. 5 av desse har direkte/dels utsyn til det føreslege akvakulturområdet (i aust 1 gravrøys frå jernalder, i vest 3 gravminne frå bronse- og jernalder, samt 1 kokegroplokalitet).</p>	<p>Ingen direkte arealkonflikt. Det er i underkant av 300 meter frå nærmaste kulturminne på Kvamsøy og akvakulturarealet. Ein del av kulturminna på Kvamsøy og elles i fjorden har direkte visuell kontakt med arealet. Det er i overkant av 4km til fastlandet i vest. Akvakulturanlegg bryt med den historiske konteksten for kulturminna i området. Verknaden for kulturminne avtek med avstand frå det nye akvakulturarealet.</p>	-
Fiskeri-interesser	<p>Det er registrert område for aktive og passive reiskap nær området. Det er registrert ein fiskeplass med passive reiskap vest for området; <i>Vest av Kvamsøy</i> der det i hovudsak vert fiska etter sjøkreps. Det er også registrert aktiv fiskeplass vest for akvakulturarealet; <i>Ytre Samlen</i> der det i hovudsak vert fiska etter brisling. Dette er eit nøkkelområde for brislingfiske og er vurdert til å vera svært viktig. Det er også fiskeplassar på austsida av fjorden i Jondal kommune. Det er låsettingsplass på nordsida av Kvamsøy, samt at det er informert om låsetting av brisling på sørsida av Kvamsøy (ikkje kartfesta i F.dir sin kartteneste).</p>	<p>Akvakulturføremålet og areal for fortøyingar er ikkje i direkte arealkonflikt med fiskeplassane som er kartfesta i Fiskeridirektoratet sin kartdatabase.</p> <p>I dialog med Fiskeridirektoratet og lokale fiskarar er det opplyst at området er eit viktig område for brislingfiske når det er brisling i området, samstundes som det også vert opplyst at det er brisling over alt når den først er i fjorden. Det er vidare opplyst om at det er langt til neste fiskeområde for brisling. Kjerneområdet for brislingfisket er kartfesta i kartløysinga til Fiskeridirektoratet og føreliggjande areal for akvakultur og fortøyingar vil ikkje vera til hinder for fiske i desse fiskeområda, men tiltak kan potensielt påverke fisken sin vandring elles i fjorden.</p>	0
Marine-ressursar	<p>Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde i nærleiken av arealet. Det er registrert artsførekomstar av brisling, sild,</p>	<p>Akvakulturarealet er ikkje i direkte konflikt, og vert vurdert til å ikkje ha verknad.for marine ressursar.</p>	0

	pigghå, håkjerring og kveite (registreringar frå 1990-talet).	
Skipstrafikk og arealbruk på sjø	<p>Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Nærmaste ankringsområde er Vallandsflaket nærmare Norheimsund/Øystese.</p> <p>Frå akvakulturføremålet er det om lag 1km til merka hovudlei og om lag 1,8km til merka bifarlei. Det er hurtigbåtlei til og frå Herand like sør for akvakulturføremålet, ca. 350m sør for arealet. Arealet er lokalisert i eit oversiktleg og stort fjordbasseng, men ligg innanfor arealavgrensing for hovud- og bifarlei. Nytt anlegg i området vil ikkje vera til hinder for ferdsel på sjø, men ferdsel må tilpassast ny situasjon. Illustrasjon under viser akvakulturføremål (rosa), fortøyingszone (lilla linje), hovudfarlei (rød linje), bifarlei (blå linje) og hurtigbåtlei (grå stipla linje), samt ankringsområdet ved Norheimsund.</p> 	0
Arealbruk på land/ folkehelse	<p>Arealet på Kvamsøy er avsett til LNF-område, elles er det spreidd busetnad langs fjorden, og meir tettbygd ved Norheimsund og Øystese. Det vil vera ein del busetnad med utsyn til akvakulturområdet, men det er stor avstand mellom der folk bur og arealet, arealet vert dels skjerma av Kvamsøy og det ligg relativt tett på land slik at det i mindre grad synleg frå lengre avstandar. Arealet er forslag til eit nytt område i kommuneplanen, og avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er i overkant av 4 km til busetnad i vest og ca. 400m til bygningar på Kvamsøy. På grunn av topografi er det ikkje direkte sikt frå busetnaden på Kvamsøy og heller ikkje frå arealet like nord for øya til akvakulturføremålet.</p> <p>Sett i lys av dagens plansituasjon ved Kvamsøy vil eit nytt anlegg/nytt element i fjorden endre forhold knytt til lyd, lys og aktivitet. Ut frå avstandar til busetnad på fastlandet og Kvamsøy vurderer ein at endringa har liten negativ til ingen konsekvens.</p>	-/0
Næringsutvikling	Nytt areal gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir moglegheit for langsiktige og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Planen medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet. Utvidinga er i samsvar med arealstrategi nr 23 og 24 for akvakultur.	++


## Oppsummering

	Natur- mangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne	Fiskeri- interesser	Marine ressursar	Skips- trafikk og arealbruk	Arealbruk på land/ folkehelse	Nærings- utvikling
<b>Alternativ plassering til 2. gangshøyering</b>	--	--	-	-/--	--	0	0	-	++
<b>Føreliggjande forslag til akvakulturareal</b>	--	-/--	-	-	0	0	0	-/0	++

Alternativ plassering til 2. gangshøyering



Føreliggjande forslag til akvakulturareal



Lokaliseringa er i samsvar med arealstrategi nr 24, om at nyetablering av lokalitetar skal skje i meir open fjord. Bakgrunn for arealet er at oppdrettar ønskjer å avvikle dagens visningslokalitet ved Steinstø og etablere ny visningslokalitet med full produksjon sør for Kvamsøy.

Området er eit viktig lokalt og regionalt båtutfartsområde og er ein del av eit større kulturhistorisk landskap i Hardangerfjorden. I tillegg ligg arealet tett på Kvamsøy med 5 automatisk freda kulturminne med direkte eller dels utsyn mot akvakulturføremålet. Arealet ligg i utvandningsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøaure. Eit nytt akvakulturanlegg i dette området er vurdert til å ha negative konsekvensar for friluftsopplevingar, villfisk og opplevinga av landskapet og kulturlandskapet.

Det er registrerte fiskeriinteresser i nærområdet, og arealet ligg opp mot 500meter aust for område med brislingfiske. Fortøyingssona ligg ikkje innanfor området. AIS-data (elektroniske data for sjøtrafikk) viser at mykje av trafikken går sør for forslag til akvakulturføremål. Lokalisering av nytt anlegg vil ikkje hindre tilkomst til Kvamsøy med utgangspunkt i avstand og at fortøyingsanlegg vil ligge på ei djupne som ikkje vil hindre småbåtar i området.

I vedtatt kystsoneplan er område nord og vest for forslag til akvakulturføremål vist som grønstruktur-landskapsområde (sumverknad for landskap, natur, friluftsliv og kultur). Dagens visningsanlegg på Steinstø ligg i landskapsområdet i kystsoneplanen, samt i Fykkesund landskapsark og ligg tettare på

busetnad. Fjerning av lokaliteten i Steinstø får positive konsekvensar for befolkninga, turisme og landskapet i dette området. Også i høve til trygg trafikkavvikling er det ein fordel å ikkje vidareutvikle lokaliteten i Steinstø. Nytt visningscenter på land er planlagt i Hardangerbadet i Øystese, og supplert med eit anlegg på sjø vil det auke totalopplevinga. Med tanke på avstand frå Hardangerbadet er plassering ved Kvamsøy gunstigare samanlikna med Steinstø.

I planprosessen har ulike forslag til akvakulturføremål ved Kvamsøy vore utarbeida og handsama. Føreliggande forslag til areal sett opp mot tidlegare variantar har mindre negative verknadar for fagtema friluftsliv, kulturminne, fiskeriinteresser og arealbruk på land/folkehelse. Dette gjennom at forslag til areal er flytta og justert i forhold til registrerte verdier, bruksområde og ressursar (fiskeriinteresser, regionalt friluftsområde, regionalt landskapsområde (kystsoneplan), ferdsel og grad av eksponering). Flytting av arealet har ikkje endra verknaden for landskap og naturmangfald då det framleis ligg eksponert og i utvandrings- og oppvekstområde for anadrom villfisk. Nytt areal har, som også tidlegare variantar, ingen vesentleg verknad for marine ressursar, samt skipstrafikk og arealbruk, og positiv verknad for næringsutvikling.

### **Konklusjon**

Etableringa er i samsvar med arealstrategi nr 24 i Kvam herad som seier at nyetablering skal ligge i meir open fjord. Arealet ligg i fjordbassenget ved Kvamsøy utanfor Norheimsund/Øystese, eit område som har verdier knytt til friluftsliv, landskap og kulturminne/kulturmiljø og Hardangerfjorden som er utvandringsområde for villaks og oppvekst område for sjøaure. Ny plassering av akvakulturføremålet er eksponert og har relativt stort influensområde for påverknad. I nærleiken av arealet, men ikkje i konflikt, er det registrert fiskeriinteresser.

For å redusera verknadane av nytt akvakulturføremål ved Kvamsøy er arealet i løpet av prosessen endra form, flytta og justert. Det føreliggjande forslag til areal har mindre negative verknadar enn tidlegare alternative plasseringar vest for Kvamsøy. Føreliggjande areal til akvakultur har negativ verknad for fagtema naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturminne og arealbruk på land/folkehelse. Arealet har framleis klar positiv verknad for næringsutvikling, inklusiv turisme.